



Vang kommune

ArkivSakID: 20/326
JournalpostID: 25/2805
ArkivID: K1-143
Saksbehandlar: Kristian Lindseth Flaa

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
026/25	Hovudutval for utvikling	10.06.2025

Kommunedelplan for naturmangfald - høyring og offentleg ettersyn

Vedlegg:

Kommunedelplan for naturmangfald - Vang kommune

Saksopplysningar:

Oppstart av arbeidet med kommunedelplan for naturmangfald, ble vedteke av kommunestyret i saksnr 057/20 den 10.09.2020. Føremålet med planen er å gi eit oppdatert kunnskapsgrunnlag til bruk i utarbeidninga av ny kommuneplanens arealdel (KPA), i sakshandsaming av plan- og byggjesaker, landbruksaker og i saker som kan ha innverknad på naturmangfald. Planen fungerer òg som eit styringsverktøy, der innhald og avvegingar i planen vil inngå i avgjerder om areal- og samfunnsplanlegging i Vang kommune.

Arbeidet med utarbeidninga av planen ble lagt ut på anbud der Asplan Viak vant anbudsrunnen.

Planen er nå klar for å sendast på høyring og offentleg ettersyn.

Vurdering:

Det vart oppretta ei arbeidsgruppe som skulle stå for utarbeidninga av planen. Frå Asplan Viak deltok Anne Kristin Narmo, som hadde fått oppgåva med å føre planen i pennen. Frå kommunen deltok Magnus Lajord og sidan Kristian Lindseth Flaa, og som faglege rådgjevarar og lokale ressurspersonar deltok Thor Østbye og Tanaquil Enzensberger. Kristian Lindseth Flaa, Thor Østbye og Tanaquil Enzensberger har stått for sluttredigering og kvalitetssikring av rapporten.

Planen består av to delar;

Del 1. Naturen i Vang - Ein samansetning av eksisterande kunnskap om naturmangfaldet i Vang kommune.

Del 2. Handlingsdel - Forslag til tiltak for å ta vare på og forbetre naturmangfaldet i Vang kommune.

Ein kommunedelplan for naturmangfald er både eit kunnskapsgrunnlag og eit aktivt verktøy for kommunen sin oppgåve med å ta vare på naturmangfaldet. Den bør kunne brukast både i arealplanlegginga etter plan og bygningslova og i all anna planlegging og forvaltning. Gjennom planen skal kunnskapen om naturmangfaldet bli summert opp og systematisert, slik at fleire innbyggjarar kan få kjennskap til dei store verdiane som ligg i naturen vår.

Planen skal løfte fram verdifull natur i kommunen, synleggjera kunnskapshol, gje påverknader og komma med konkrete tiltak. Kommunedelplanen for naturmangfald vil vera eit politisk dokument,

men den er ikkje juridisk bindande. Difor treng kommunen ei grundig saksutgreiing som ligg bak dei politiske vedtaka.

Framlegg til vedtak:

Vang kommune vedtek med heimel i plan- og bygningslova §11-14 å leggje ”Kommunedelplan for naturmangfald - Vang kommune” ut på høyring og offentleg ettersyn.

Hovudutval for utvikling 10.06.2025:

Behandling:

Framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

HU- 026/25 Vedtak:

Vang kommune vedtek med heimel i plan- og bygningslova §11-14 å leggje ”Kommunedelplan for naturmangfald - Vang kommune” ut på høyring og offentleg ettersyn.